



Thomas K Fosse
Prestebrekka 8
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8139 - 23/9270

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
01.02.2023

Rapport etter kontroll av søknad om produksjonstilskot 2022

Kommunen skal kontrollere at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon.

- Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 20.09.22 Det er dei areala i Alversund- Kvamme - Erstad som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området.

Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket.

Generell merknad:

Landbrukskontoret er klar over att den nedbørrike sommaren har gjort både slått, gjødsling, pussing og beiting vanskeleg mange stader. Mange areal på kan difor framstå å vera i dårlegare stand enn dei eigentleg er, på tidspunktet for filming.

GBNR	Namn føretak	Driftsform	Dato
139/3 (139/5)	Thomas Fosse	Sau/bringeber	7.12.20200

Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
Arealet er hausta/beita - minimum 1 gong i vekstsesongen	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern el.l	Ja	Det meste av arealet er enten beita eller slått. Det er ført 10 daa ute av drift.
Drifta har næringsmessig preg og god agronomisk praksis -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	Framstår arealet som i drift/ stelt?	Ja	Arealet skil seg ikkje ut frå resten av området. .
Areal ute av drift -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	Nokre mindre areal i utkantane er ikkje drive, og me reknar med at det er dette som er inkludert i areal ute av drift. Ser ut som det på fleire av desse pågår arbeid med istandsetjing
Miljøkrav – kulturlandskap Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	Ikkje registrert inngrep. Fint kulturlandskap
Miljøkrav -vegetasjonssone (normal hausting/skjøtsel er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?		Ikkje relevant
(vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)			

Konklusjon

Arealet framstår som velstelt og i drift. 10 daa er ute av drift, men det ser ut som det pågår arbeid for å setja dette i stand att.



Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte arealet er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet

Kart

Landbrukseiendommer	Eier	Sone	Fulldyrket	Overflatedyrket	Innmarksbeite	Totalt disponert areal	
4631-139/3 Kart	Thomas Krossøy Fosse	5B	17	2	13	32	Vis markslag
4631-139/5 Kart	Opplysningsvesenets Fond	5B	24	12	19	55	Vis markslag

Det er ført opp 10 daa fulldyrka som ute av drift, men me veit ikkje akkurat kor desse areala ligg.





Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Thomas K Fosse

Prestebrekka 8

5911

Alversund